



Truleg betre røysteordning att ved til hausten. Her frå stortingsvalet 2013.

**Då saka om valkrinsar ved stortingsvalet 2017 var oppe i kommunestyret i kveld, vart det ikkje gjort noko endeleg vedtak på kor mange røystestader det vert. Likevel vil det overraska mykje om Uskedalen ikkje får ei betre valgordning enn under kommunvalet i 2015.**

Det vart eit stort fleirtal for at dei økonomiske konsekvensane skal utgreiast ved at ein utvidar talet på valkrinsar frå dei 4 som var ved sist val. Då var det stemmelokale på Husnes, Halsnøy, Hatlestrand og i Rosendal. Desse 6 plassene skal takast med i utgreiinga i tillegg til Uskedalen: Sundal, Varaldsøy, Ølve, Fjelberg, Åkra og Sandvoll.

Debatten viste at kommunestyret tok den kraftige nedgangen i valgdeltaking ved siste valg på alvor. Først på talarstolen var Thorleif J. Hellesøy(Frp) som sette fram forslag om å auka med 3 valkrinsar, Åkra, Uskedalen og Trå(Varaldsøy). Han trekte seinare sitt framlegg då han var fornøgd med måten det var baka inn i framlegget som vart det endelege vedtaket. Det vart i utgangspunktet sett fram av Øyvind Lernes(H), og etter litt gruppemøteverksemd slutta dei aller fleste representantar seg bak det. Berre to røysta mot.

Førehandsrøysting var og sentralt i debatten. Fleire meinte at dette tilbodet måtte verta betre i bygder der det ikkje vert røysting valdagen. Ein burde utvida tidene det var mogeleg å førehandsrøysta etter storleiken på bygdene. Som eit døme vart det frå AP-hald sagt at i Uskedalen burde førehandsrøystinga vera ein heil dag dersom det ikkje vart røystestad valdagen.

Som eit tillegg til vedtaket la Hege L. Røssland(SF) fram framlegg om at det må leggjast til rette for at alle får røysta i si eiga bygd ved ei utvida førehandsrøysting. Dette punktet vart samrøystes vedteke.

I debatten var Otto Benjaminson (KrF) tydeleg på at han ikkje såg nokon grunn for å gå tilbake igjen på dagens ordning. Han meinte det ikkje var mykje å reisa 15 minutt for å røysta, og peika på gode ordningar for førehandsrøysting.

Etter debatten var det berre to som ikkje stemde for fleirtalsvedtaket. Tida vil visa kva det endelege resultatet vert, men det var i alle fall positiv vilje til å gjera det enklare for alle veljarane å røysta.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.